



Birger Myklebust tok dette biletet av Stord I ved Sandakaien i mai 1987.

**Vi spurde for nokre dagar sidan om nokon hadde bilete av damprutebåten Stord I medan han låg ved kai i Uskedalen. Den kanskje største fjordabåtentusiasten i bygda, Birger Myklebust, har svara positivt på spørsmålet. Han har eit bilete, som vi bringer her.**

Det er riktignok ikkje teke i "gamle dagar" då båten var eigd av HSD og gjekk i rute. Men biletet har likevel stor interesse fordi det knytter seg til ein annan og dramatisk epoke i båten si historie. Det er truleg teke tidleg i mai i 1987, berre få dagar før den tragiske brannen i Langnuen 20. mai. Båten kom til Stord frå Bergen 9. mai dette året.

Då var han nærmast ferdig-restaurert og skulle tilbake til Bergen for radarmontering og den siste finpussen før han tok fatt på ein fullteikna seglingsplan som skulle gje pengar i kassa..

Men det tok fyr i maskinrommet og då brannen hadde herja ferdig, var det barre skalet att.

Få trudde akkurat då at det ville vera mogeleg å restaurera han, men våren 2008 vil båten truleg nok ein gong vers klar for "charteroppdrag" etter ein fantastisk innsats av eldsjelar og ekspertar.

Om visitten i Uskedalen i mai 1987, som måtte vera ei slags signingsferd, fortel Birger at kapteinen køyrde båten så langt opp i mudderet at det vart eit svare styr med å få han laus att. Ikkje berre måtte Stord I kvitta seg med ballast, dei måtte også tilkalla hurtigbåten i Herøysundruta for å lausgjera veteranen.

Men i "gamle dagar" var det eigentleg ikkje uvanleg at dei køyrde båtane så langt inn på land, fortel Birger.

Ei annan fjordabåt-entusiast, Harald Nilsen, var om bord med spekekjøtt og andre godsaker til mannskapet og det var stor stemning før båten gjekk vidare til Rosendal, minnst Birger.

Av Ola Matti Mathisen